

INTERN UTLYSING

PROSTIPREST I ARNA OG ÅSANE PROSTI

Vi viser til vedtak i bispedømerådet, sak BBDR 079/14, punkt 4:

Det vert oppretta tre stillingar som prostiprest, knytt til Fana, Vesthordland og Arna og Åsane prosti. I første runde med prosjektomtale for 3 år med omsyn til innhald. Stillingane er interne utlysingar som ikkje påfører nye kostnader. Det vert administrativ tilsetting.

Innhaldet i stillinga vil bli justert etter ein treårssyklus. Stillinga skal støtte opp under dei satsingane ein til ei kvar tid har i prostiet, ved å avlaste prestar som inngår i desse. Prost og bispedømet styrer kva satsingar som skal prioriterast i kvar treårsperiode.

Prostipreststillinga i Arna og Åsane vil i første treårsperiode ha desse hovudoppgåvene:

Gudsteneste tre av fire sundagar kvar månad. To tenesteveker i månaden med inntil fire gravferder kvar veke. I månadane med flest vigslar må ein rekne med ein til to laurdagar i månaden med vigselsoppgåver i prostiet.

Ca. halve arbeidstida vil bli brukt i dei to sokna Arna og Ytre Arna. Arbeidsstaden vert kyrkjekontoret i Arna, og deltaking i stabsmøter der høyrer med. Ein vesentleg del av arbeidstida vil vidare gå med til å avlaste prestane på Osterøy med gudstenester og gravferder, og også delta på nokre stabsmøte der.

I veker utanom tenestevekeane handlar det om å gjere generell presteteneste i Arna, Ytre Arna, Osterøy og elles i prostiet der det er trong for det.

Noko sakshandsaming for prosten vert vurdert lagt til stillinga. Oppfølging av prostemodulen, skaffe vikarar, mm – alt i samarbeid med prosten.

Allereie fast tilsette prestar kan søkja stillinga. Den kjem i stand i påvente av høve til å lysa ut ny fast stilling i Arna og Åsane prosti, jfr vedtak i bispedømerådet frå april 2010.

Søknadsfrist: 10. februar 2015. Søknad skal sendast inmu@kyrkja.no